



Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Alver - 83/1 - Spjotøy - naust - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 20.11.2020. Saka gjeld søknad om nytt dobbelt naust knytt til areal avsett til #10 på Spjotøy, i kommuneplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden 2011 -2023.

Det er vist til at den plasseringa som er vist til i kommuneplanen er uhensiktsmessig sidan det ved lågvatn ikkje er sjø igjen i botn av vågen. Det er difor søkt om å trekke naustet 3 meter lengre ut i vågen enn LNF-spreidd området i KDP legg opp til.

Det omsøkte tiltaket ligg i område som er definert som LNF-spreidd naust, #10, der ein kan føre opp eit naust og i bruk og vern av sjø og vassdrag i kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden 2011-2023. Det vart i 2019 gjeve dispensasjon for å oppføre to naust innafor området. Ny søknad er ei endring av utforming av nausta frå to naust til eit dobbeltnaust og ei endring av plassering. Etter det vi kan sjå er tiltaket i strid med byggjeregulering mot sjø (pbl. § 1-8), føresegn 4.34 i KDP om utforming av naust og med formål i sjø og på land.

Fylkesmannen sine merknader

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen og plan- og bygningslova sine formål ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. pbl. § 19-2 andre ledd.

Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjera unntak frå gjeldande plan. Ut ifrå omsynet til offentlegheit, samråd og medverknad i prosessen er det viktig at endringar ikkje skjer ved dispensasjonar, men at endringane vert handsama etter reglane om kommune- og reguleringsplanlegging, jf. Ot.prp. 32 (2007-08) s. 242.

Det er eit nasjonalt mål at strandsona skal bevarast som natur- og friluftsområde tilgjengeleg for alle. Forbodet i § 1-8 mot bygging i 100-metersbeltet langs sjø veier tungt. jf. Ot. prp. 32 (2007-08) side 243.



Fylkesmannen si vurdering er at området har store strandsoneverdiar. Vika er regna som ein del av friluftslivområdet Lindåspollane/Lindåsosane som er vurdert som svært viktig. Noko av det som gjer området attraktivt er landskapet.

Sjøarealet utanfor er også del av marint verneområde for Lurefjorden og Lindåsosane. Verneområde startar på -2 meter, og kommunen må vurdere om tiltaket er i konflikt med verneområdet.

Det omsøkte dobbeltnaustet bryt med at naust skal vere enkeltstående og har også ei lågare takvinkel enn kommunedelplanen opnar for jf. føresegn 4.34 i KDP. Fylkesmannen meiner at eit dobbeltnaust vil vere meir dominerande i landskapet enn to enkeltnaust. Ved å legge opp til dobbeltnaust og flytte det ut i viken vil ein fylle opp nesten heile viken med naustet. Vi opplever dette som svært negativt for strandsone interessene, og viser til vår klage datert 22.02.2019, dykkar referanse 18/3607, på tidlegare søknad om plassering av naust. Ny plassering vil også ligge utanfor området sett av til spreidd naust og vi føre til fylling i sjø. Det er i tillegg viktig at naustet ikkje fører til at allmenta ikkje kan nytte vika til friluftsliv. Det må vere mogleg å ta seg rundt nausta. Vi opplever den nye løysinga som dårlegare for allmenta.

Fylkesmannen rår ifrå dispensasjon i denne saka. Naust i dette området må plasserast innanfor området sett til LNF-spreidd naust og må vere i samsvar med føresegn 4.34 i kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden.

Vi viser til at kommunen ikkje bør gje dispensasjon dersom statleg eller regional styresmakt har uttalt seg negativt til søknaden jf. pbl. § 19-2 fjerde ledd. Dersom det likevel vert gjeve dispensasjon, ber vi kommunen sende vedtaket til Fylkesmannen for klagehandsaming.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN